

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt : Herand Kulturhus 16.09.14 kl.19.00 - 21.30

Sak 1. Referat og godkjenning av protokoll frå sist møte. Ingen merknader.

Sak 2. Avslutting av rydding på biblioteket.

Me har motteke eit brev frå Herand Kvinne og Familielag ang vidare planar om å ta vare på bøker i boksamlinga. Dette vil dei få svar på i eit brev.

Me takkar for den flotte innsatsen dei har gjort med rydding og sortering av bøker!

Sak 3. Haustmarknaden 2014.

Me hadde ein runde på planlegging av Haustmarknaden.

Alle er godt i gang med oppgåvene me har fått ansvar for men me er ikkje heilt i mål.

Neste møte onsdag 24.sept. kl.18.00

Sak. 4. Eventuelt.

Søknad : Dan Danielsen har fått tilbakemelding frå Norsk Kulturminnefond om at søknaden om midlar til nytt tak på Båtbyggarmusèet er motteke og godkjent. Den vil verta handsama etter 1.november 2014.

Hjartestartar: Pensjonistlaget v/Bjørn Huus vil kjøpa ein hjartestartar til bygda.

Dei ber om å få leiga gymsalen gratis for å skipa til eit førstehjelpskurs saman med Bygdelaget og leiar for frivilligsentralen i Jondal, Ole Gjerde.

Pensjonistlaget har hatt kontakt med ambulansefolk i Odda som vil koma ut her å demonstrera og halda kurs for oss.

Bygdebladet : **Herand Bygdeblad manglar folk i bladstyret!** Dei er kjempeglad om nokon melder seg frivillig!!! Ta kontakt med Kaia tlf. **94278625** om de likar å skriva og har lyst og vera med!

Heis : Heisreperatør har vore på inspeksjon. Han har anbefalt nokon små endringar som må ordnast før neste inspeksjon.

Skrivar : Marta Berstø